A.021 År 1974, 12.november, heldt Meland formannskap møte i Kantina, Flatøy Industri A/S.
Av formannskapet sine 5 medlemer var 4 til stades. Borte var Anders Aadland. I hans stad møtte varaformannen Ingvald Bastesen. Det møtte såleis 4 formenn og 1 varaformann.
Elles møtte Fredrik Sudmann, direktør Frank, Mohn, direktør Trond Mohn; formannen i bygningsrådet Johs.Walde og komm.ing.Roald Bjørndal.

Møtet vart styrt av ordførar Johs.H.Fosse.
Etternemnde saker vart handsama:

Sak nr.407.
A.624 Utviding av eksisterande industriområde på Flatøy.
I samsvar med formannskapsvedtak i sak nr.369/74 vart utviding av industriområde på Flatøy drøfta.
Samrøystes vedtak:
"Når reguleringsplanen for området vert framsend, vil formannskapet og kommunestyret handsama saka på vanleg måte."

Sak nr.408.
Ekstraordinært tilskot 1974 frå skattefordelingsfondet.
Låg føre brev, d.27.8.1974, frå fylkesmannen i Hordaland om at Meland kommune er tildelt kr.100.000,- i ekstraordinært tilskot frå Skattefordelingsfondet for 1974.
Det må gjerast vedtak om disponering av tilskotet.
Samrøystes formannskapsti råding:
"Ekstraordinært tilskot frå Skattefordelingsfondet, kr.100.000,-, vert nytta til innbetaling av kommunen sin del i A/S Meland Bygg.
Pengane, kr.100.000,-, vert å betala ut av konto: 1.180.400 ved overføring av denne summen frå konto nr.1.910.710."

Møtet slutt.
Rett utskrift.

MELAND FORMANNSKAPSKONTOR, Frekhaug, 14.11.1974.

sekr.